

# Solevåg SFO

Årsplan 2022/23



## Innhold

Definisjon og formål .....	3
Gjeldande vedtekter for SFO i Sula kommune .....	3
Nye vedtekter i Sula kommune, sjå vedlegg. ....	3
Målsetting ved Solevåg SFO .....	3
For barn i SFO-alder er leik den viktigaste aktiviteten: .....	4
For å oppnå læring og sosial samhandling er det viktig med grensesetting:.....	4
Respekt.....	4
Barnegruppa:.....	5
Tilsette:.....	5
Foreldresamarbeid:.....	5
Kontaktinformasjon:.....	6
Dagsrytme/rutiner:.....	6
IST-direkte: .....	7
Klede:.....	7
Bursdagsfeiring:.....	7
Barna sin medverknad:.....	7
Årshjul Solevåg SFO 2022/23 .....	8
Ferie.....	10
August ferien: .....	10
Rammeplan i SFO: .....	11

## Definisjon og formål

Skulefritidsordninga i Sula er eit pedagogisk stimulerande omsorgs- og fritidstilbod for barn i 1.-4. årstrinn og barn med særskilte behov i 1.-7. årstrinn. Skulefritidsordninga skal drivast i samsvar med skulen sin formålsparagraf.

Opplæringslova § 13-7.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur-og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gis gode utviklingvilkår. Areala både ute og inne skal vere eigna for formålet.

## Gjeldande vedtekter for SFO i Sula kommune

Nye vedtekter i Sula kommune, sjå vedlegg.

SFO-leiar er representert i samarbeidsutvalet og ei foreldrekontakt som har barn i skulefritidsordninga er i tillegg vara.

## Målsetting ved Solevåg SFO

Målsettinga ved Solevåg SFO er å tilretteleggje for ei trygg, triveleg og innhaldsrik fritid ved at vi stimulerer til leik, læring og sosial samhandling.

For at barna skal bli trygge er det viktig at dei blir godt kjent med dei vaksne, dei andre barna, miljøet, reglar og rutiner.

For barn i SFO-alder er leik den viktigaste aktiviteten:

Leik er aktivitet ut i frå eiga lyst og ei viktig kjelde til læring, spesielt dei første skuleåra. Gjennom leik får barna erfare sosial speiling og trene seg på finne sin plass i fellesskapet. Leikeprega tilnærming til organiserte oppgåver og aktivitetar kan skape motivasjon og interesse, og gjere opplæringa spennande og allsidig.


For å oppnå læring og sosial samhandling er det viktig med grensesetting:

Alle menneske treng grenser. Grensene skal hjelpe oss til å kunne tilpasse oss andre og samfunnet rundt oss.

Vi kan samanlikne grenser med køyrereglar som skal gjere det lettare for oss å orientere oss, unngå skade og komme trygt fram. Grenser skal ha som formål å gjere oss mest mogleg sjølvstendige, og setje oss i stand til å kunne gjere fornuftige val når vi skal stå på egne bein. Grenser må setjast på ein slik måte at dei ikkje går på bekostning av sjølvbilete og identitet, men styrkjer individet sitt behov for å vere eit meistrande menneske.

## Respekt

- Dei vaksne ved Solevåg SFO viser respekt ved å helse med namn
- Ved å gå bort til den ein snakkar til
- Ved å vise interesse ved å lytte og sjå



## Barnegruppa:

I år er vi pr august måned 56 barn som går på Solevåg SFO.

23 barn på base A

33 barn på base B

Lokalitetar:

I år er Solevåg SFO delt inn slik:

Base A: 1.klasse.

Base B 2., 3. og 4.klasse.

Vi bruker hallen, språkverstadet, biblioteket og kjøkkenet til faste dagar kvar veke.

Ute møtast alle og leikar på tvers av basane.

## Tilsette:

Sandra V Hansen

SFO-leiar

### Base A:

Jeanette Valde

Lise Tøsse

Maire R Sunde

Anne-Grete Sunde

Baseleiar

Lærling

### Base B:

Jeanette Valde

Sylwia Czuchrowska

Torild Kvam Jensen

Baseleiar



## Foreldresamarbeid:

Vi har foreldremøte i løpet av dei første vekene etter oppstart av nytt skuleår. I år er foreldremøte lagt til første og andre veka i september. Her blir det gitt informasjon om SFO-tilbodet, hente- og bringesituasjonar og samarbeidet mellom SFO og heimen og eit «lynkurs» i IST-home.

## Kontaktinformasjon:

SFO-leiar      Sandra V. Hansen      957 10 230      [sandra.vasset.hansen@sula.kommune.no](mailto:sandra.vasset.hansen@sula.kommune.no)

Base A:      Jeanette V. Breivik      912 46 618      [jeanette.valde.breivik@sula.kommune.no](mailto:jeanette.valde.breivik@sula.kommune.no)

Base B:      911 98 773

## Dagsrytme/rutiner:

7:15-8:15 (7:00 for påmeldte)	Leikegrupper og frukost på sosialt rom (hallen etter 7:45)
8:15-8:30	Ryddetid / følges opp til garderobe
12:00 (kun ferdagar)	Inne leik på base A.
13:15	Innsjekk på SFO - utetid
14:00-14:30	Måltid
14:30-15:30	Leik ut i frå vekesplan 3 val: vaksenstyrt aktivitet-uteleik-frileik.
15:30	Samles på base A - frileik
16:15 (16:30 for påmeldte)	SFO stenger

### IST-home:

Brukar vi som kommunikasjonsverktøy mellom SFO og heim. Her blir det lagt ut fredagspost, bilete frå veka, informasjon om feriar, turar og liknande. Avtalar og private meldingar skal også registrerar vi her inne. Vi har eit "lynkurs" i IST-home på foreldremøte kvar haust.

Alle må leggje inn timeplan inne på IST-home før 15. i kvar månad.

### Klede:

På SFO har vi mange barn, så det er naudsynt at klede til barna er godt merka. Det må vere klede som egner seg til å vere ute i uansett vær. Alle skal ha innesko og vi ønskjer også at barna har med solkrem/kuldekrem om nødvendig. Barna må ha ekstra klede liggande i korga si i garderoba. Hugs og ta med våte klede heim.

### Bursdagsfeiring:

Barnet får bursdagskort så tett opp til bursdagen som mogleg. Vi syng bursdagssong og legg ellers opp til ei feiring utan «søte-saker».

### Barna sin medverknad:

Vi har barneråd ein gang i månaden, der dei som ønskjer kan delta. I barnerådet er barn og vaksne saman om å skape gode kvardagar på SFO. Her planleggast ulike aktivitetar, måltid og andre gjeremål ut i frå årshjul og fantasi. Ein kan også tenkje på noko saman heime og kome med anonyme tips i postkassa vår.

## Årshjul Solevåg SFO 2022/23

MÅNAD/TEMA	Kva skjer på SFO	Heildags-SFO	SFO er stengt
<b>AUGUST</b> «Vi blir kjend»	1.august: oppstart nytt SFO-år. Vi blir kjend med skule/SFO base og uteområdet. Samarbeids/bli kjend-leiker Bursdagsmarkeringar for juli/august-barna	Måndag 1.august til tysdag 16.august	Pl.dagar 17., 18., 19. august
<b>SEPTEMBER</b> «Haust»	Kva skjer i naturen? Formingsaktivitetar inspirert av natur, samhold og innkludering i det daglige. Kunst i natur Haustmat Brannvern-veke 38. Foreldremøte, kvar base får innkalling.	Påmeldingsfrist til haustferien 15.september	
<b>OKTOBER</b> «Takknemlegheits-månad»	Vi fokusera på kva å vere takknemleg betyr og korleis kan vi vise det vidare. Aktivitetar og samlingar rundt tema Takknemlegheits-vegg Markering av refleksdagen 20.oktober Halloween fest (3-og 4. kl. skjere ut gresskar) 28.oktober	Haustferie veke 41 (10.10-14.10)	
<b>November</b> «Snart advent»	Adventsførebuing Bakegrupper Adventssamling, kalender Juleverkstad	Påmeldingsfrist 15.november	
<b>Desember</b> «juletider»	Juleverkstad Lucia 13.desember Julefortellingar Nissefest 1.desember Filmkos	Opent 22 og 23. desember	SFO er stengt i juleferien. Frå 26.12-2.01.2023 Pl.dag 2.01.2023



MÅNAD/TEMA	Kva skjer på SFO	Heildags-SFO	SFO er stengd
<b>Januar</b> «Nyttår»	Nyttårskunst Leik ute Bål Akedag om vi har snø	Påmeldingsfrist til vinterferien 15.januar	
<b>Februar</b> «vinter»	Vinterkunst Markering av samefolkest dag 6.2 Uteaktivitetar med snø og is Karneval 17.februar Valentinesday 14.02. Fastelavn 19.02 (markeres 17.02)	Vinterferie veke 8 (20.2-24.2)	
<b>MARS</b> «Vi er i bevegelse»	Felles dans Gymsal Aktivitetsettermiddag Den internasjonale vaffeldagen 25.mars		
<b>April</b> «Utetid og påske»	Påsketradisjonar Påskelunsj (informasjon kjem) Tur Hinderløype i skogen Tradisjonelle barneleikar		SFO steng heile påska 03-10 april.
<b>Mai</b> «Vår og 17.mai»	17.mai-pynt Miljøfokus Vi ser kva som skjer med naturen Insektjakt	Påmeldingsfrist 15.mai til sommar SFO.	1.mai 17.mai 18.mai 19.mai pl.dag 29.mai
<b>Juni</b> «SoMmArMoRo»	Aktivitetsdag Leik med vatn Rydde og få med ting heim Sommarfest	Siste skuledag 22.juni. SFO open ut juni.	Heile juli stengt.

## Ferie

Skulefritidsordninga i Sula kommune i skulefrie periodar:

1.august til skulestart.

Haustferien

Juleferie (Stengt)

Vinterferien

Påskeferie (Stengt)

Etter skuleslutt – juni.



### August ferien:

For oss i SFO er det viktig at barna får ei ferie-kjensle når dei er på SFO.

Base A og B deles, der 1.klassingane for det meste er på skulen sitt område, samt i nærmiljøet rundt skulen. Base B er på fleire turar og opplegg rundt i bygda. Enkelte feriar leiger vi buss og drar på lengre turar.

Dei andre feriane går vi på tur til Sundsmyra, Sletta, dei 3 ulike fjørene vi har rundt oss, Grauthaugen og Trollskogen. Enkelte gangar går vi også på fjelltur. Vi lagar både mat ute i naturen og kosar oss med “feriemat” inne. Vi brukar gymsalen hyppig, har Pokemonjakt og andre spennande leikar som er populære. Om vinteren akar vi/ski, og om sommaren spring vi i vasspredar. Vi lagar planar som leggjast ut på IST-home etter at påmeldingsfristen er ute. Her kjem også barna med sine ønskjer som blir tatt med i planlegginga.

Vi har 5 studiedagar som blir lagt til kvart SFO-år. I år er dei lagt til 17.18 og 19 august 2022, 02.januar og 19.mai 2023.

Viser til Sula kommune si heimeside under oppvekst og utdanning → SFO. Der ligg vedtektene, oppdaterte prislister og informasjon.

## Rammeplan i SFO:

Hausten 2021 takast rammeplanen for SFO i bruk. Rammeplanen er ein retningsgjevande plan for innhald og organisering av SFO, som skal bidra til eit meir likeverdig tilbod. Vi skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi omsorg og tilsyn.

Rammeplanen er bygd opp av seks kapittel:

1. Om rammeplanen i SFO.
2. Skulefritidsordninga sitt verdigrunnlag.
3. Innhald i SFO.
4. Ein inkluderande SFO.
5. Samarbeid i SFO.
6. Kvalitetsutvikling.

Ta kontakt ved spørsmål, vi håper på eit godt samarbeid.

Med vennleg helsing Solevåg SFO.

